




Vipps på
nynorsk
Historia om korleis
Vipps blei på nynorsk

SIDE 8-9

Landsmøtet
i Noregs Mållag
Det du treng å vita
frå landsmøtet i april.

SIDE 4-7



Høg solgang
over åttiårsleitet

Heming Gujord om korleis
litteraturen til Fløgstad er til
stades i geografi, i kulturen og
i landskap.

SIDE 20-23

Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 3
juni 2024

Kjartan Fløgstad 80 år

- Eg prøver som best eg
kan å boikotta meg sjølv,
der det er på sin plass.

Side 14-19



Ein forfattarskap om vår tid

■ Den 7. juni fylte Kjartan Fløgstad 80 år. Han er ein av dei viktigaste romanforfattarane i etterkrigstida, og var lenge nemnt som ein mogleg nobelprisvinnar. Slik blei det ikkje, som vi veit. Uavhengig av dette, er innverknaden Fløgstad har hatt på norsk offentlegheit og som fornyar av den (ny)norske litteraturen, udiskutabel. Han var blant dei som introduserte Frankfurtarskulen for ein norsk offentlegheit, og skreiv om nye, moderne tema på nynorsk.

■ I dei snart 60 åra han har vore aktiv, har Fløgstad tematisert konsekvensane av overgangen frå industrikultur til kulturindustri og mediesamfunn: Det er sjølve grunnsteinen i fellesskapen som står på spel. Bortfallet av arbeidsfellesskapen og konsekvensane av aukande individtenking er ein gjennomgåande raud tråd. Fløgstad insisterer på å skriva om kollektive erfaringar og om fellesskap, at eit *eg* alltid er ein del av eit større *me*, men også at alle *eg* har eit ansvar. I ei tid der venstresida gjer det dårleg og ytre høgre er på frammarsj, har forfattarskapen til 80-åringen kanskje ikkje vore meir aktuell. Uavhengig av kva ideologisk utgangspunkt ein sjølv skulle ha, kan forfattarskapen til Fløgstad gje oss noko av forklaringa på korleis me har hamna der me er i dag.

■ I ei tid der folk tener pengar på å gjera ulike stunt på sosiale medium og der forfattarar skriv om seg og sine egne liv, er forfattarskapen til Fløgstad på forfriskande vis den rake motsetnaden. Blotta for psykologiske og intime relasjonelle drama er forfattarskapen heller oppteken av handlingar, politikk og ideologi, kunst kultur og kapital og korleis menneskjer i heile verda heng saman. Alt dette viser han fram i ei romanform som er leiken og sjangar- og stiloverskridande. Med ein nynorsk språkdrakt som blandar høgstil og lågstil inspirert av folkespråket slik han kjenner det frå sjøfart og industrien, har han eit av dei største ordforråda som finst i norsk litteratur: 112 000 unike ord mot Hamsuns 92 000 og Solstads 78 000.

■ Me feirar Kjartan Fløgstad ved å laga temanummer om forfattaren. Me har intervjuet han om dei to nye antologiane han gjev ut i år: ei essaysamling og ei songlyriksamling. Det er også eit nyskrivne essay av Heming Helland Gujord, landets største Fløgstad-kjenner, om forfattarskapen. God lesnad!

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Dronningens gate 22, 0154 OSLO

Redaktør: Vemund Norekvål Knudsen

I redaksjonen:

Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no

I år skal vi bli **16 000** medlemmer i Noregs Mållag.

Vidare vekst og vinni

■ Noregs Mållag har lagt bak seg eit vellukka landsmøte, og det var ein kveikt gjeng som reiste heim frå Trondheim søndag 21. april. Vi hadde gode ordskifte om viktige politiske og organisatoriske saker, og det er godt å kjenne på den driven som er i laget for tida. For min eigen del vil eg takke for attval som leiar. Det er sanneleg eit stort privilegium å få leie ein rekordstor organisasjon i to nye år. Dette blir min tredje periode med verdas kjekkaste jobb. Takk!

■ I 2023 hadde vi 15 682 betalende medlemmer. Det er det høgste medlemstalet sidan 1985. Saman med Norsk Målungdom er den organiserte målrørsla over 17 000 medlemmer, frå alle kantar av landet. Vi er eit stor politisk kraft. Vi er ei brei, nasjonal folkerørsla.

■ I leiartalen min til landsmøte sa eg at 2024 skal bli året der Noregs Mållag passerer 16 000 medlemmer. Det vil krevje godt vervearbeid, både frå sentralklekken og ute i laga, men eg trur vi skal klare det. I tre år på rad har vi landa på over 15 000 medlemmer. Når eg skriv denne teigen er vi faktisk 1750 fleire betalende medlemmer enn på same tid i fjor (!). Då sette vi rekord.

■ I arbeidsprogrammet frå 2022 har vi vedteke eit ambisiøst mål: «Vekst i medlemstalet

■ leiarteigen



PEDER LOFNES HAUGE

Leiar i Noregs Mållag

kvart år». Vi skal få fleire medlemmer, og fleire medlemmer skal bli aktive. Ein større og sterkare organisasjon gjer det mogleg for oss å stille meir makt bak dei politiske krava våre – slik at vi igjen kan få større gjennomslag.

■ Når du les denne teigen har det nyvalde styret alt vore samla for å gå gjennom arbeidsprogrammet. Programmet gjeld frå 2022 til 2026, så vi har gode to år igjen på oss til å gjere så mykje som mogleg av det til røyndom. Vi har fått gjort mykje dei siste åra, men mykje står framleis att. Vi har bak oss nokre store, tunge lovprosessar, med ny språklov og ny opplæringslov. Dette har tatt mykje tid og krefter dei seinaste åra. Eg håpar vi kan få gjort endå meir for den nynorske digitale kvardagen i åra som kjem.



Foto: Kristianne Marøy

ing skal kome med oss

■ Kunstig intelligens og språkteknologi var eit hovudtema på årets landsmøte. Vi kravde mellom anna ein handlingsplan for norskspråkleg digitalisering. Utviklinga av språkteknologisk programvare, læringsverktøy, læremiddel og anna programvare har i aukande grad innverknad på språktilhøva i Noreg. Denne utviklinga kan ikkje aleine bli styrt av internasjonale selskap utan ansvar for den norske språksituasjonen. Engelsk dominerer, og i den grad det er norsk å finne er det som regel bokmål.

■ Den smarte teknologien som skal gjere livet vårt enklare kan fort gjere det vanskelegare, dersom den ikkje forstår nynorsk eller ulike norske talemål. Det hjelper ikkje med talestyrt teknologi om han ikkje forstår kva vi seier. Om det fører til einsretting av talemålet er det alvorleg.

■ Vi må fyrst og fremst leggje press på styresmaktene. Digitaliseringa av samfunnet påverkar sjølv sagt språket vårt i stor grad, og det kviler eit tungt ansvar på regjeringa og Stortinget for å finne løysingar som gjer det like lett å vere nynorskbrukar som bokmålsbrukar, også digitalt.

■ Ein ting er iallefall sikkert: Vidare vekst og vinning for målrørsla skal kome med oss. Då må vi bli fleire. Kva med å verve ein ven før du les ferdig denne utgåva av Norsk Tidend?

“ **Den smarte teknologien som skal gjere livet vårt enklare kan fort gjere det vanskelegare, dersom den ikkje forstår nynorsk eller ulike norske talemål.** ”

■ sagt

Oslo kommune har plikt til å vedta forskrift om hovedmål. Valget står mellom bokmål og hovedmål.

Oslo kommune på egne nettsider

Vi er ei stor politisk kraft. Noregs Mållag er ei brei, nasjonal folkerørsla. Vidare vekst og vinning for nynorsken skal kome med oss.

Peder Lofnes Hauge i leiartalen sin til landsmøtet

Eg var så heldig å rote meg borti ein gjeng som meinte eg burde skrive nynorsk og bli med i målrørsla, og det hadde eg jo ikkje eit einaste godt argument imot, og det har eg framleis ikkje.

Oddmund Hoel, forsknings- og høgare utdanningsminister til landsmøtet

Gode konge klinger mykje betre og varmare enn Deres Majestet - får nesten lyst til å skifte sjølv.

Trygve Slagsvold Vedum i helsing til landsmøtet

Her ønsket vedkommende å få tilsendt Olaug Nilssens kommende roman, men forlaget syns noe var muffens, da e-posten ikke var skrevet på nynorsk.

Samlaget om svindelforsøk

nynorsk vipps lets fuckin go
Ida Noline i Vipps

Min primære hersketeknikk er å skrive konservativ nynorsk
@ThorOlvers på X

Det som kanskje ikkje blir lagt godt nok merke til no, er den store tilbakegangen av bruken av norsk bokmål [...] I populærkulturen vinn nynorsk og folkemålet fram.

Kjartan Fløgstad

Rikdommen i folkemålet er lettare tilgjengeleg enn i andre språk eg kjenner til. Det er fortienesta til målreisinga.

Kjartan Fløgstad

Melding frå landsmøtet i Noregs Mållag:

Vil vekse seg større, og kre

Kravet om å grunnlovfesta norsk språk og jamstillinga mellom nynorsk og bokmål stod sentralt på landsmøtet til Noregs Mållag i Trondheim 19.–21. april.

■ Det var i underkant av 200 målfolk til stades då Noregs Mållag møtte til landsmøte i Trondheim. Deltakarane fekk eit variert og kjekt program, i tillegg til gode ordskifte om politiske, organisatoriske og økonomisk saker. Ikkje minst var det spennande gjester og mange underhaldande kulturelle innslag. Det er heller ikkje landsmøte utan kaffipausar og god lunsj, der det også er tid til å mingla og å bli kjende.

Fredagen var Erik Bolstad, direktør i *Store norske leksikon*, til stades for å snakka om kunstig intelligens og kva konsekvensar det har for norsk språk. Det var også middag og kulturkveld på Dokkhuset i Trondheim sentrum. Her var det utdelingar, talar, morosame og tankevekkjande opplesingar ved Kari Anne Bye og konsert med humorbandet Microbandet.

Laurdag var det gruppediskusjonar om bruken av personalressursane i mållaget. Landsmøtet vart også vitja av tidlegare leiar i Noregs Mållag og forskings- og høgare utdanningsminister Oddmund Hoel (SP), som snakka om norsk i høgare utdanning. Etter det var det å finna fram finstasen og gjera seg klar for landsmøtemiddag, med eit variert og kjekt program, utdelingar og festtalar. Her blei også dei som gjekk ut av styret takka av.

Sundag var det gruppevise seminar med ulike tema, og sjølvstøtt votering i alle sakene landsmøtet hadde diskutert gjennom helga. Deretter var det vel heim.

Landsmøtet vedtok 7 fråsegnar og valde nytt styre. Fråsegnene kan bli lesne på heimesida til Noregs Mållag: www.nm.no.

Vedtak frå landsmøtet:

Fråsegner:

Oppfølging av opplæringslova
Ja til digital språkleg likestilling
Lærarutdanningane må ta språkansvar
Nynorsk og bokmål må inn i Grunnlova
Nynorsk for vaksne innvandrarak
Hovudmålsreglane i opplæringslova treng snarleg opprydding
Helseplattforma på nynorsk

Nytt styre:

Peder Lofnes Hauge (35, leiar, attval), **Live Havro Bjørnstad** (37, nestleiar, ny), **Espen Tørset** (44, opprykk frå vara, Orkland), **Kjetil Aasen** (46, attval, Oslo), **Gunnhild Skjold** (28, ny, Tromsø), **Monika Haanes Waagan** (55, ny, Herøy). Leiar i Norsk Målungdom, **Sebastian Natvik** (20, frå Alver, bur i Oslo), sit også i styret.
Varamedlemmer: **Synnøve Marie Sætre** (1. vara) **Tommy Tverdal** (2. vara) **Silje Nathalie Luvåsen** (3. vara) **Jorunn Simonsen Thingnes** (4. vara).



1



2



3



4



5



6

v nynorsk inn i Grunnlova



1 Vidare vekst og vinning for nynorsken skal koma med oss, sa Peder Lofnes Hauge under landsmøtetalen.

Alle foto: Kristianne Marøy

2 Det er alltid morosamt å vera på landsmøte i Noregs Mållag!

3 Som vanleg er det stand og butikkar opne under landsmøtet. Her ved Dordi frå Målungdommen.

4 Mellom bakkar og berg utmed havet! Det er sjølsagt allsong når Mållaget held landsmøte.

5 Og det røystast!

6 Møt det nye styret i Noregs Mållag!

7 Forfattar og trønder Kari Anne Bye underheldt under kulturkvelden fredagen. Ho las egne dikt, som var både morosamme, søte og vemodige.

8 Statsråd og tidlegare leiar av Noregs Mållag, Oddmund Hoel, helsa landsmøtet og kom med friske millionar til språktiltak.

9 Avtroppande styremedlem Inger Johanne Sæterbakk losa landsmøtet gjennom festmiddagen på laurdagen.



Foto: Kristianne Marøy

Målprisen 2024 til Nana Rise-Lynum

Nana Rise-Lynum, **redaktør i Norsk Barneblad**, får Målprisen 2024.

■ – Takk for at du har gjort Norsk Barneblad til eit levande og aktuelt magasin som aukar den nynorske leselysta blant born og unge. Norsk barneblad er betre enn nokon gong på grunn av deg, sa Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag, då han gav prisen til Nana Rise-Lynum på landsmøtemiddagen 20. april.

Nana Rise-Lynum har vore redaktør i Norsk Barneblad i 25 år.

Målprisen er den høgste prisutmerkinga i Noregs Mållag og vert delt ut av styret.



Foto: Kristianne Marøy

Nynorsk barnelitteraturpris 2023 til Maria Parr og Åshild Irgens

Forfattar Maria Parr og illustratør Åshild Irgens får Nynorsk barnelitteraturpris 2023 for boka **Oskar og eg**. Prisen er på 50 000 kr og er blitt delt ut av Noregs Mållag sidan 1956.

■ Forfattar Maria Parr og illustratør Åshild Irgens får Nynorsk barnelitteraturpris 2023 for boka «Oskar og eg». Boka er gjeven ut på Det Norske Samlaget. Nynorsk barnelitteraturpris vert delt ut ved opninga av landsmøtet i Noregs Mållag i Trondheim 19.-21. april 2024.

Prisen er på 50 000 kroner og har blitt delt ut av Noregs Mållag sidan 1956. Juryen har vore: Roald Kaldestad, Kristin Hatledal og Isabella Rubie Pareliussen.

I grunngevinga skriv juryen: «Oskar og eg» av Maria Parr og Åshild Irgens er ei nydeleg, varm, trist, energisk og morosam bok om ein heilt vanleg, velfungerande kjernefamilie, med mor, far, søster og bror. Her er ikkje noko stort drama eller noko fantastisk som skjer, men ut av dette klarar forfattar og illustratør å skape stor kunst.



Emilie Swensen, produsent, Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag, Olav Ødegård, tekstforstades då biletet vart teke.

Nynorskstipend til

Noregs Mållag gjev nynorskstipend til **Marcus Grand** og **Olav Ødegård** for å lage musikk og skrive manus til «Ivar Aasen-Musikalen».

■ – Ivar Aasen og nynorsken er allemannseige, og det er artig å gjere Ivar Aasen sitt liv til ein musikal. Det er med glede vi gjev nynorskstipend til eit kreativt

og underholdande prosjekt som dette, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag. Gjennom musikalen vil Marcus Grand og Olav Ødegård formidle livet til Ivar



Foto: Kristianne Marøy



fattar og Inga Skogseth, leiar i Studentersamfundets Interne Teater. Marcus Grand var ikkje til
Foto: Vemund N. Knudsen

Ivar Aasen-musikal

Aasen gjennom tre akter. Me følgjer Ivar frå ungdomsåra på Solnør, gjennom språkreiser i fjellheimen, til Kristiania med språkdebatt og lengt etter kjærleiken til ein gamal flamme.

Musikalen skal setjast opp av Studentersamfundet Interne Teater i oktober.

Nynorskstipend til Øygunn Leite Kallevik

Noregs Mållag deler ut 50.000 kroner i stipend til Øygunn Leite Kallevik for å lage ei **lærebok i journalskriving** for medisinstudentar.

■ Øygunn Leite Kallevik skal revidere, omsetje og slå saman bøkene Medisinsk journalskriving og Journal1 til ei felles lærebok for medisinstudentar og turnuslegar. I dag finst det korkje ei oppdatert lærebok på nynorsk eller på bokmål, men det skal Øygunn gjere noko med.

Nynorskstipendet

■ Noregs Mållag deler kvart år ut to nynorskstipend på 50 000 kroner kvar – eitt til ei kvinne og eitt til ein mann – til prosjekt som fremjar nynorsk på område der han frå før av er lite brukt. Prispengane er ei løyving frå Kulturdepartementet.

– Styret la i si grunngeving vekt på at i medisinen, som i andre profesjonar, er det viktig at studentane lærer seg eit presist språk og norske faguttrykk, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag. Også medisinutdanninga er sterkt prega av at mykje faglitteratur er på engelsk.

Øygunn Leite Kallevik er leiar i Medisinsk Mållag, eit yrkesmållag for alle som arbeider og studerer i det norske helsestellet. I arbeidet med læreboka vil medlemene i laget bidra med journalmalar og journaldøme, og fleire språkfolk vil bidra med faglege og språklege råd.



Foto: Kristianne Marøy

Målblome til Åsmund Snøfugl

Som redaktør, typograf, forleggjar og forfattar har Åsmund Snøfugl arbeidd for å gjere nynorsk til eit **kvardagsspråk i Trøndelag**.

■ 19. april fekk Åsmund Snøfugl Målblome frå Noregs Mållag, under kulturkvelden på Dokkhuset i Trondheim. Påtroppande styremedlem Espen Tørset stod for sjølve utdelinga, saman med Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.

Gjennom livet har redaktør, typograf, forleggjar og forfattar Åsmund Snøfugl arbeidd for å gjere nynorsk til eit kvardagsspråk i Trøndelag. Det viktigaste verkemiddelet har gjennom heile livet vore nettopp å ta i bruk nynorsken i aviser og bøker, og å vere til stades i kvardagen til trønderane, sa nyvald styremedlem Espen Tørset om utdelinga.

Nynorsk litteraturpris 2023 til Edvard Hoem

Edvard Hoem er tildelt Nynorsk litteraturpris 2023 for boka *Husjomfru*. Prisen er på 50 000 kroner og vart delt ut på landsmøtet til Noregs Mållag 19. – 21. april.

■ Nynorsk litteraturpris er blitt delt ut sidan 1982 og det er Noregs Mållag, Det Norske Samlaget og Det Norske Teatret som står bak prisen. Juryen er Margit Walsø, Magne Julin Vik-Mo og Carl Morten Amundsen.

I grunngevinga skriv juryen: Korleis klare å skrive om eit liv levd, mest utan nokon historiske kjelder å nytte? Ikkje alle har kombinasjonen av kunnskap og fantasi til ei slik oppgåve. Vinnaren av årets pris stafestar på nytt at nettopp han har akkurat denne dugleiken til å nytte språk for å dikte stort og breitt, og å få til syne det store i det vesle. Han maktar å mane fram menneske av kjøt og blod som levde i ei nær, men stadig fjernare fortid, i ein audmjuk heider til dei som har vore her før oss.

Edvard Hoem hadde ikkje høve til å møte i Trondheim for å motta prisen, men sendte ei skriftleg helsing som blei lesen opp.

På nynorskdagen 12. mai lanserte Vipps ein **nynorskversjon av appen**. Kvifor akkurat Vipps vart på nynorsk, er ei historie om gode krefter på dei rette plassane.

Vipps, så var **Vipps** på nynorsk

■ – Det betyr meir nynorsk til veldig, veldig mange, seier leiar i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge. Han var svært glad då han var med og lanserte nyhenda om at Vipps skulle få nynorsk språk i appen.

– Ein av ti vippsarar har nynorsk som hovudmål, så det skulle berre mangla at vi gjorde det mogleg å bruke Vipps i nynorsk-versjon. Mange har ynskja seg dette ei god stund. Difor er det storvegnes at vi endelig har gjort det, sa Lars Tore Skau, teknologihovud og nynorsk-entusiast i Vipps, då appen vart lansert.

Nynorsk i den digitale verda er mangelvare. Sjølv om fleire appar og programvare kjem i nynorsk-versjon, er det endå ein lang veg å gå for full jamstilling mellom dei to norske skriftspråk.

Vipps hadde halde korta tett til brystet i forkant av lanseringa. Berre eit knippe folk visste at Vipps ville koma med nynorsk språk.

Det starta i det små

Som med alle andre grasrot-prosjekt, må ein litt tilbake i tid for å sjå kor det heile starta. Alle-reie i 2019 vart det oppretta ei nynorsk-gruppe på Slack, som er ein kommunikasjonsplattform for bedrifter. Her vart dei to nynorsk-brukande i Vipps lagt til, og det skulle ta tre år før kanalen fekk ein tredje medlem.

– Vi syntes det var gøy å laga eit lite felleskap i Vipps som skreiv nynorsk. Men det hadde i utgangspunktet ikkje noko å gjera med å få Vipps på nynorsk, seier Skau.

Skift til nynorsk Vipps. Slik gjer du det:

- Oppdater appen.
- Opne Vipps og trykk på Profil, så Innstillingar.
- Trykk på Varsel- og språkinnstillingar.
- Trykk på Språk nederst og byt til nynorsk.
- iOS-brukarar kan oppleve at dette ikkje fungerer. I så fall kan ein prøve å endre språkinnstillingane på mobilen. Slik gjer du det:
- Opne Innstillingar
- Trykk på Generelt, så Språk og område
- Legg til Norsk nynorsk som føretrekt språk.
- No kan du igjen opne Vipps. Enten så er språket endra automatisk eller så kan du følgje oppskrifta over på nytt.
- Til slutt: Test gjerne med å vippse ei gåve til Noregs Mållag på 90540, om du vil.

Fanst på skandinaviske språk ...

Åra gjekk, og stadig vekk er det Vipps-brukarar som saknar appen på nynorsk. Til dømes er éi tilbakemelding at: «Det er skuffande at de ikkje har appen på nynorsk, eit av to likestilte norske skriftspråk». Men også bokmålsbrukarar legg merke til det manglende språkvalet: «Det er

skammelig at dere ikke har Vipps på nynorsk».

Men det var ikkje omsetjingsarbeidet som gjorde vegen til nynorsk-Vipps lang. Den tekniske riggen til appen var ikkje god nok for å stø to ulike norske skriftspråk. Heilt til Vipps slo seg sammen med dansk-finske MobilePay.

– I samanslåinga av dei to tekniske plattformane måtte me også gjera store, tekniske løft på språkfronten.

Å byggja støtte for to norske språk er vanskelegare enn å leggja til andre språk. Det globale teknologisamfunnet forstår ikkje at vesle Noreg har to jamstilte skriftspråk.

Etter den tekniske framstøyten med dei skandinaviske versjonane kom siste dråpa i glaset, ein kveld Skau og andre nynorsk-vippsarar var ute med nokon i Mållaget.

– Vi hadde lyst til å setja inn siste støyten, etter så mange år med skravling på kammerset. Men eg visste også at dersom me skulle få det til, måtte me ha med nokre fleire språkfolk i Vipps, sier Skau.

... men ikkje nynorsk

Blant medlemene i nynorsk-kanalen frå 2019, som på dette tidspunktet hadde vakse til 10 medlemmer, var også bokmålsbrukar og tekstforfattar Ida Nicoline Glosimot.

– Jobben min er å halda ein oransje tråd gjennom språket i Vipps, og eg vart begeistra då eg ramla over nynorsk-kanalen. Fleire folk med bankande språkhjarter! Dette var ikkje folk eg



PÅ LAG MED NYNORSKEN: Lars Tore Skau og Ida Nicoline Glosimot hadde lenge ønska seg nynorskversjon av Vipps. 12. mai 2024 blei draum til røynd.

jobba tett med dagleg, likevel syntes eg me hadde eit språkband, fortel Glosimot.

Då Vipps tidlegare i 2024 annonserte appen på svensk, dansk og finsk, gjorde det difor litt ekstra vondt i språkhjartet hennar.

– Me fekk kommentarar som «eg græt på nynorsk», og kanskje gret eg litt på nynorsk sjølv, fortel Glosimot.

Legg inn støyten

I kulissane var likevel noko på gong. Berre nokre veker tidlegare hadde Glosimot, Skau og fleire andre i Vipps bestemt seg for å gjera alt dei kunne for å få dei siste brikkene på plass til nynorskdagen 12. mai.

– Vipps blir brukt av nesten alle i Noreg. Ved å vera ei landsdekkjande teneste følgjer det med eit særskilt ansvar for å ta språk-makta på alvor. Når lovnaden vår er at Vipps er for alle, er det sjølv-sagt at også nynorskbrukarar skal få vippsa på hjertespråket sitt, seier Glosimot.

Samarbeid med Mållaget

12. mai vart nynorsk-Vipps rulla ut. Og responsen var i all hovudsak overveldande positiv.

– Min favorittkommentar var en som skrev at «Jeg har Vipps



NØGD MÅLLAGSLEIAR: - At ein no kan bruke Vipps på nynorsk, betyr meir nynorsk til veldig, veldig mange, seier leiar i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge. Foto: Hege Lothe / Noregs Mållag

på nynorsk for gøy». Dersom bokmålsfolk synest nynorsk er gøy, så synest me Vipps har gjort noko bra, avslutter Glosimot, som sjølv har skifta til nynorsk i Vipps.

- Sjølv sagt skal eg ha Vipps på nynorsk!

I heile Vipps er det over

4500 tekstar. I arbeidet med å omsetja desse har Vipps fått hjelp av Noregs Mållag.

- Gode krefter i Vipps tok kontakt og sa at no er alt klart for at appen kan kome på nynorsk. Då heiv Mållaget seg rundt og omsette tekstmaterialet til nynorsk. Og vips, så

er Vipps på nynorsk, fortel Peder Lofnes Hauge.

- Vi er glade for at Vipps no tek nynorsk under vengjene og gjer sitt for jamstillinga mellom dei to skriftspråka. No håpar vi alle går inn på Vipps og vel nynorsk som språk, avsluttar han.

■ kringkastingsringen



JÓGVAN HELGE GARDAR
Leiar i kringkastingsringen

Språket fortener betre ordskifte


■ I dag er det ikkje ofte språkdebatt står øvst på sendeskjemaet til NRK, men 4. april skjedde det då nynorsken var tema i *Debatten*. Mållaget skal ha honnør for å presse på for plass i beste sendetid, medan gjennomføringa frå NRK fortener lite anna enn kritikk.

■ Programmet var bygd opp rundt fleire tema, men var i forkant avertert med ein kronikk som kritiserte det nynorske rettsspråket ved hjelp av grelle, handplukka døme på uforståeleg nynorskjuss. Tilsvarande diffuse og forelda vendingar i bokmålsjussen finst sjølv sagt, men vart ikkje problematiserte. Meir overordna bygde debatten på ei rekkje ugrunna påstandar om tilhøva rundt nynorsken, som fyrst vart tilbakeviste av mållagsleiaren då han sleppte til mot slutten av programmet.

■ At *Debatten* i NRK framstår forhasta og tynt førebudd, er i seg sjølv ikkje noko nytt. Det tronge formatet og den kjarpe ordvekslinga har bidrege til ei overflatisk og fordummande debattform som gjer lite anna enn å grave djupare grøfter mellom partane, og støyte publikum endå lenger frå det politiske ordskiftet.

■ Men at det skjer i språkdebatten, der haldningar og identitet er så sentrale aspekt, er særskilt urovekkjande. Språket vårt slepp så sjeldan til som seriøst debatterte, og inntrykk av stoda, utviklinga og framtida kan fort feste seg hjå dei som ikkje følgjer språksituasjonen tett. Det hjelper lite at målrørsla har solide og overtydande argument dersom det er dei mytebaserte premissane for debatten som finn vegen heim til publikum. Om overskrifta alltid er at nynorsken kjem til å døy før me veit ordet av det, kan det fort verte ein sjølvoppfyllande profeti. At det er NRK, med sitt vedtektsfeste omsyn til nynorsken, som legg fram diskusjonen på denne måten, gjer stoda berre endå verre. Ein skal sjølv sagt forvente at NRK som debattkanal framstår nøytral også i denne saka, men ikkje via oppkonstruert ordskifte utan rot i røyndomen.

■ Om ein skal dømme etter kvaliteten på argumentasjonen i *Debatten* 4. april, skal dei nynorskfiendtlige kreftene vere sjeleglade for at språket så sjeldan er tema for seriøs offentleg debatt. For nynorsken, og for språksamfunnet vårt, gjev det derimot god grunn til bekymring. Når påverknad frå interesseorganisasjonar er blant dei viktigaste verkemidla me har, er det avgjerande at bodskapen kjem fram klar og uhilda, utan at plattformene legg feilaktige premissar for presentasjonen.



AVDUKING: Det var stort og staseleg oppmøte då portrettet av Ivar Aasen vart avduka på Bergen katedralskole, som er laga av ein tidlegare elev ved skulen.

Nynorskdagen 2024 på Katten!

Det vart feiring av nynorskdagen måndag 13. mai, sidan 12. mai fall på ein søndag dette året. Katten målungdom synte fram eit **kunstverk av Ivar Aasen** laga av Slava Nemes, som sjølv har vore elev ved skulen.

■ Heilt sidan tidleg 2023 har Hordaland Mållag arbeidd med prosjektet i lag med Katten Målungdom på Bergen katedralskole. Me ynskte å syna fram Ivar Aasen som den fargerike, kreative, nysgjerrige og spennande personen han var, og dette i høve nynorskdagen i 2024.

Det er ikkje enkelt å få løyve til å dekorera veggjar med graffiti, sjølv ikkje i ein graffiti-by som det Bergen har blitt. Me måtte finna eigna veggjar av ein viss storleik, og sjølv sagt få godkjenning frå eigar av bygget. Nokre sa nei, men til slutt fekk me ja frå rektor på Katten og Vestland fylkeskommune, som er eigar av skulebygget. Katten har stor antikvarisk verdi, der delar av bygget er freda. Difor måtte me gjera arbeidet so skånsamt som mogleg og kravet frå rektor var at biletet måtte vera på innsida. Katten har også ein tradisjon for veggmåleri, so det passa fint. Løysinga vart difor at kunstnar Slava Nemes laga biletet i studioet sitt, og so fekk me montert kunstverket i ein trappeoppgang på Katten, akkurat i tide til å feira nynorskdagen! Me fekk støtte frå Noregs Mållag, Bergen



Mållag, Hordaland Mållag og Bergen kommune til prosjektet.

Under lunsjpausen på Katten måndag 13. mai losa leiar i Katten Målungdom, Endre Heland Gujord, oss gjennom programmet. Katten målungdom stod for avduking av biletet i lag med kunstnaren, før rektor på skulen, Karen Kristine Rasmussen, fylkesordførar Jon Askeland og vår eigen Peder Lofnes Hauge sa nokre ord til dei frammøtte. Det vart sjølv sagt også servert kake! Mange av dei 900 elevane ved skulen var innom for å sjå på kunstverket og smaka på bakverket, og me kan fortelja at det berre var smular att. Ein vellukka og kjekk dag med andre ord. Kunstverket er eit framifrå bidrag til Katten Målungdom sitt grunnleggjande prosjekt, som er å synleggjera og vekkja interesse for målsaka på Katten. Me har von om at det vil skapa engasjement for språkleg mangfald og fagkunne, og sjølv sagt vera ein flott fargeklatt i skulekvardagen på Katten i mange år framover.



Byråd for næring, kultur og idrett, Reidar Digranes, nestleiar i Arna Mållag, Johanna Å. Mjeldheim og kultursjef i Arna og Åsane, John Kristian Øvrebø.

Foto: Leah Skaftun

Arna Mållag fekk kulturpris

Kulturprisen for Arna bydel i Bergen i 2023 gjekk til Arna Mållag.

■ Nestleiar **Johanna Mjeldheim** tok imot prisen på vegner av mållaget. Mjeldheim fortel at prisen bidreg til å styrkja motivasjonen for arbeidet til mållaget.

I grunngevinga for tildelinga av prisen, sa kulturbyråd Reidar Digranes:

«Årets kulturprismottakar er ein organisasjon som har eksistert i nærare hundre år, og er ein del av eit større fellesskap av tradisjonelle «motkulturelle» rørsler i Noreg.

Mottakaren har merkt seg ut ved å samarbeida nært med andre organisasjonar i bydelen som også arbeider for å fremja lokal identitet og kultur.

Som ein del av arrangørgruppa «Firarbanden», har organisasjonen arrangert fleire store konsertar med profesjonelle artistar som ein del av «Kulturda» i Arna.»

Organisasjonen er ein viktig aktør på amatørkulturfeltet i bydelen gjennom utgjeving av «Mål og Miljø», som er eit kultur- og lokalhistorisk årsskrift for Arna bydel.

Dei siste åra blitt utgjeve i samarbeid med Arna Sogelag.

Prisvinnaren har gjennom ihuga og kreativt arbeid kjempa for nynorsken på alle frontar i Arna.

Blant viktige saker har vore å behalda nynorsk liturgi i kyrkjene i bydelen, dela ut nynorske bøker i skular og barnehagar og å styrkja bydelen sitt særprege gjennom bruk av nynorsk.

Deira siste store kampsak har vore å få opp nye skilt med nynorsk tekst på Arna stasjon.

Opphavleg skilting på det nyrenoverte stasjonsområdet var på bokmål og engelsk. Nye skilt på stasjonen kom opp sommaren 2023, og skiltinga er no på nynorsk og engelsk. Dette vart feira som ein ny siger for nynorsk skriftspråk i Arna.»

Me gratulerer!

Målpris til Syse Glas

Målprisen til Ulvik Mållag går i 2024 til verksemda **Syse Glas** og innehavar **Silje Syse**.

Syse Glas er ein glasblåsar i Ulvik som aktivt nyttar nynorsk i marknadsføring og nettbutikk i ein bransje der dette absolutt ikkje er sjølvsgagt. Verksemda har skaffa seg kundar både i Ulvik og langt utanfor bygdegrensene.

I tillegg til den reint fysiske verksemda arrangerer Syse Glas også kurs og arrangement der den som vil kan prøva seg på glasblåsarkunsten. Dette er eit godt bidrag til å halda interessa for handverket ved lag og sikra aktivitet i bygda.

Språkleg utmerkjer selskapet seg med eit like så fargerikt språk som glasprodukta dei sel, med vågale uttrykk, humoristiske ordspel og medviten blanding av dialekt og målform som både underheld lesaren og bidreg til kjøpelyst.

Ulvik Mållag vonar at prisen kan bidrage til meir merksemd for verksemda, og at godt språk og god nynorsk kan stø opp om gode forretningsidéar.

Gunnstein Akselberg, kjend frå Eides språksjov, heldt gratulasjonstale og stod for tildelinga av Målprisen.

Målblome

Oslo mållag gav i mai målblome til John Øyvind Hovde for arbeidet med nynorsken i den private skulen. Han er ein framifrå lærar som lærer unge i dag nynorsk på ein god måte. Me ynskjer til lukke!

Nye leiarar:

Heidi Mundal er ny leiar i Herøy Mållag. Ho tek over for Monika Haanes Waagan, som er vald til styret i Noregs Mållag etter landsmøtet. Vi gratulerer!

Margit Romtveit er ny leiar i Hjartdal Mållag. **Andrea Maini** tek over for Borghild Løver som leiar i Vest-Agder Mållag. Han har våre gratulasjonar!

Astrid Fjose er ny leiar i Målselv Mållag. Hurra! **Aase Renden Kamben** er ny leiar i Sør-Aurdal Mållag. Til lukke!

Ingrid Handeland frå Valen i Kvinnherad er ny leiar i Juristmållaget. Ho har våre lukkeønskingar.

Gerd Helen Bø er ny leiar i Suldal Mållag, og tek over for Randi Ese Ur. Me ynskjer til lukke, og lukke til!



Måndag 20. mai var det 50 år sidan Stortinget vedtok å lovfeste retten til å få lærebøker og andre **læremiddel på eige språk** i vidaregåande skule.

Historisk vedtak mot tre stemmer

HEGE LOTHE
hege.lothe@nm.no

■ Mangel på lærebøker på nynorsk var eit stort problem gjennom heile 1950- og 60-talet. Både Mållaget, det nyskipa Noregs Student- og Elevmållag, elevane og lærarane peika på problemet. I 1971 var tolmodet slutt. Då gjekk 30 000 elevar ut i streik ved 112 skular for å få lovfesta retten til at lærebøker på nynorsk skulle kome til same tid og pris som lærebøker på bokmål, og for å få større løyving over statsbudsjettet til nynorske lærebøker. Elevstreiken og krava fekk mykje merksemd. Løyvinga vart auka av Stortinget same hausten, og i departementet og i Stortinget vart det arbeidd med ei ny lov, der lovfesting av retten skulle bli tema.

Semje om jamstilling

Det vart eit langvarig lovarbeid. Ei nemnd leia av Reulf Steen, fekk i 1965 oppdraget med å gå gjennom og kome med framlegg til korleis vidaregåande opplæring skulle organiserast etter at reforma med 9-årig grunnskule var på plass. Nemnda var tydeleg og samstemt om at elevane måtte få lovfesta retten til lærebøker på eige språk. Det vart synt til «dei mange aksjonane av elevar og lærarar, særleg ved gymnas over store delar av landet, som alle

krev større rettferd for nynorsken». Departementet peika på at det måtte vere høve til å gje unntak for jamstillinga av praktiske årsaker. Det var nemnda samd i, men legg til: «Jamvel om det må finnast eit høve til å gjere unntak frå jamstillingskravet, må det setjast strenge grenser for å gjere slike unntak».

Etter skiftande regjeringar, statsrådar og storting, der lova eitt år før vart forkasta og sendt tilbake for vidare arbeid, var det den 20. mai 1974 klokka 11.00 endeleg klart for at president Aase Lionæs kunne opne ordskifte i Stortinget om «Lov om gymnaset» med statsråd Bjartmar Gjerde i salen.

Eit ord er eit ord

Det vart eit langt og til dels oppheita ordskifte der dåtidens fremste politikarar deltok. Vi kjenner att namna til både Anders Lange, Berge Furre, Hanna Kvanmo, Lars Roar Langslet, Einar Førde og Odvar Nordli for å nemne nokre. Det var ei lang rekkje stridsemne som religion, einskapsskulen, valfridom, storleiken på skular og ikkje minst var det usemje om kva lova skulle heite, «Lov om gymnaset» eller «Lov om vidaregåande opplæring».

Langt ut på kvelden, etter ramma for den ordinære debatten, fekk Bergfrid Fjose frå KrF

og Hordaland ordet og snakka mellom anna om nynorskelevane:

– Eit anna likestillingsspørsmål gjeld lærebøker. Den forma som paragraf 38 har fått, er eit stort framsteg. Den slår fast det same hovudprinsippet for språkleg jamstilling som vi tidlegare har hatt i grunnskulelova. Men dette var også på høg tid. Slik det har vore til no, har det vore ei klår tilsidesetjing av dei som nyttar nynorsk eller samisk. Skal lova kunne setjast i verk, må konsekvensen vere tilstrekkeleg økonomisk stønad til gjennomføring av likestillingskravet. Dei løyvingane som til denne tida har vore gjevne, har vore ei god hjelp, men langt frå store nok til å gjennomføre paragraf 38 om språkleg jamstilling når det gjeld lærebøker, sa Bergfrid Fjose.

Og ho avslutta med uvanleg tydeleg tale om oppdraget til departementet:

– Ein må derfor be om at ein midt i alle dei konkrete vanskar som møter departementet i gjennomføringa, ikkje fortolkar bort paragraf 38 si klare og greie form. Eit ord er eit ord, og blir lova vedteken, er paragraf 38 Stortinget sin vilje, som skal gjennomførast i praksis.

Mot tre stemmer

Bergfrid Fjose fekk ingen replikkar på innlegget. Så etter bortimot elleve-tolv timar debatt (til og med med tilrop frå salen) var det klart for røysting. Klokka 01.30 var det historiske vedtaket gjort. Paragraf 38 vart vedteke mot 3 stemmer. Elevane i vidaregåande skule hadde endeleg fått lovfesta retten til læremiddel på eige språk:

Paragraf 38. Lærebøker og andre læremidler.

Staten skal medvirke til å

fremme rasjonell produksjon og bruk av læremiddel.

Lærebøker og andre læremidler i andre fag enn norsk må foreligge til samme tid og samme pris på bokmål og nynorsk. Departementet kan gjere unntak for denne regelen.

Stortinget bevilger hvert år en sum til tilskott til utgivelse av lærebøker. Summen fordeles av departementet.

Departementet gir nærmere regler om godkjenning av lærebøker.

No ved jubileumsmerket for femti år, kan vi sjå at lovformuleringa i dåverande paragraf 38 ser langt tydelegare ut enn i den nye opplæringslova paragraf 15-3 som opnar for langt fleire unntak for kva som ikkje treng å vere på eleven sitt eige språk: «Med læremiddel er her meint alle trykte, ikkje-trykte og digitale element





KAMPEN HELD FRAM: I den nye opplæringslova er det lagt inn så mange unntak at det er fint mogleg at mange digitale læringsressursar berre er å få tak i på bokmål.



TOK TID: Fyrst på 80-talet byrja det å kome løyvingar som verkeleg var på eit nivå som sikra parallell-utgåver på nynorsk og bokmål.

som er utvikla til bruk i opplæringa, som skal brukast jamleg i opplæringa, og som dekkjer vesentlege delar av læreplanen i faget.»

Det er lagt inn så mange unntak at det er fint mogleg at mange digitale læringsressursar (heilt lovleg) berre er å få tak i på bokmål.

Fleire elevdemonstrasjonar

Stortingsrepresentant Bergfrid Fjose visste nok kva ho snakka om. For sjølv om lovvedtaket vart gjort i Stortinget i mai, vart det fleire store elevdemonstrasjonar og boikott av lærebøker som berre kom på bokmål i åra framover.

Lova var på plass, men det var framleis svært låge løyvingar til lærebøker. Ut gjennom 70-talet var det fleire store elevdemonstrasjonar, og så seint som i 1977 var det berre 3 av 11 linjer i den

vidaregåande skulen som hadde brukeleg dekning av nynorskbocker.

Fyrst på 80-talet byrja det å kome løyvingar som verkeleg var på eit nivå som sikra parallell-utgåver på nynorsk og bokmål.

Takk for historisk innsats

– Kampen for retten til lærebøker og læremiddel på eige språk var ei av dei viktigaste sakene for ein heil generasjon elevar, og var formande for fleire generasjonar unge målungdomar. Både elevane og politikarane på Stortinget skal ha takk for den viktige innsatsen for 50 år sidan, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.

– Så må vi i dag, når nynorsken møter digitale utfordringar i klasseromma, ta kampen ein gong til. Det skal vi gjere fordi vi veit at opplæring på eige språk er ein grunnleggjande rett, og fordi nynorskelevane og lærarane for-

Kjartan Fløgstad feirar 80 år med ny essayantologi og ei songlyrikksamling. Han oppmodar Vesten til å boikotta seg sjølv, er kritisk til den nye arbeidarlitteraturen og meiner me lever i ruinane av eit nyliberalt samfunnseksperiment. Han trur framleis på samfunnsending nedanfrå, men om ein vil kalla endringa sosialisme, er han ikkje sikker på.

Om samfunnsruinar og fellesskap

TEKST: VEMUND N. KNUDSEN

vemund.knudsen@nm.no

FOTO: KRISTIANNE MARØY

fotografmaroy@gmail.com

■ Du gjer deg erfaringar til du er 20, og observasjonar etterpå, har Kjartan Fløgstad sagt ein gong. Norsk Tidend tok turen ut til Nydalen i Oslo, der Fløgstad og kona har budd i 40 år, for å høyra med jubilaranten kva observasjonar han gjer seg i dag. Har forfattarskapen hans noko å fortelja om samtida vår i dag? Og korleis ser Fløgstad på framtida?

Me bankar på døra. Ho går opp.

– Velkomen! Kjartan, hyggjeleg! seier han og strekker fram handa. Kom inn!

Fløgstad byr på kaffi og heimebakte kjeks, og etter litt smådrøs tek intervjuet til rundt matbordet i stova.

Feirar med essayantologi

– Du fyller 80 år med ein essayantologi. Kvifor essayantologi?

– Forlaget meinte eg hadde ein del ikkje-utgjevne essay som var verdifulle nok til at dei fortente ei bokutgjeving. Saman med forlaget hadde eg gleden av å sjå på det eg hadde, redigera og setja dette saman til ei bok.

Gjennom forfattarkarrieren teiknar det seg fram tre ulike delar i forfattarskapen, meiner Fløgstad: Romanane er utan tvil mest kjent. Så er det dikt og songar, og essay. Det er dei to siste delane av forfattarskapen som får merksemd på 80-årsdagen med song- og diktsamlinga *Dansen med orda* og essayantologien *Skriftarbeid*. I det nyskrivne essayet «Følgeskadar av nyliberalisme og krig» kommenterer Fløgstad dagsaktuelle politiske tema ved å knyta dei til det han har skrive utover 2000-talet – og gjennom ei nesten 60-årig forfattarkarriere.

Arbeidarklasse og industrikultur

Då Dag Solstad fylte 80 år, sa han til norsk presse at han fyrst og fremst ønskja å bli hugsa som kommunist. Sjølv vil ikkje Fløgstad leggja nokre føringar for korleis han blir hugsa:

– Det har ikkje så mykje å seia kva eg ønskjer, i så måte, svarar han kort.

Aktuelt

■ Kjartan Fløgstad, fødd i Sauda i Rogaland, fylte 80 år den 7. juni i år.

■ I det høvet gjev Gyldendal ut essayantologien *Skriftarbeid* og songlyrikksamlinga *Dansen med orda*.

■ *Skriftarbeid* femnar i hovudsak over karrieren etter år 2000, men inneheld nytt forord og eitt nyskrivne essay. *Dansen med orda* samlar songlyrikken Fløgstad har skrive gjennom karrieren.

■ Kjartan Fløgstad er ein prislønt forfattar, som mellom anna fekk Nordisk råds litteraturpris for *Dalen Portland* i 1978.

■ Prispengane gav han til skulemålsarbeid i Noregs Mållag.

■ Han har motteke Nynorsk Litteraturpris 3 gonger, for romanane *U3* (1983), *Det 7. klima* (1986) og *Grense Jakobselv* (2009).

Han vil heller prata om motivasjonen for at han skriv:

– Det som har vore eit mål med det eg har skrive, har vore å kunna fortelja om styrken, gleden og krafta i arbeidarkollektivet, og i neste omgang påstå at den etosen og etikken som veks ut av samarbeid og samhald, slik det var i industriarbeidarklassen, er viktig for å etablere eit samfunn i det heile teke. Med av-industrialiseringa av samfunnet forsvinn store delar av basisen for eit samfunn der folk fungerer saman, seier Fløgstad om eiga forfattargjerning.

“ **Med av-industrialiseringa av samfunnet forsvinn store delar av basisen for eit samfunn der folk fungerer saman**

Då Berlinmuren fall i 1989 og Sovjetunionen vart oppløyst i 1991, var det slutten på det Fløgstad kallar arbeidarklassens korte hundreår og lykkelege stund. Realsosialismen som samfunnseksperiment og utopi fall saman. Den vanlegaste vestleg-liberale forståinga, er at liberalismen og kapitalismen vann over kommunismen og planøkonomien. Men ifølgje Fløgstad lever me no i ruinane av to ytterleggående politiske og økonomiske utopiar: realsosialismen og *det liberale marknadsdiktaturet*. Ingen av systema ser ut til å fungera.

«Nyliberalismen er ikkje lenger berre ein ideologi, men har blitt ei samfunnsform. Stikkord er globalisering og av-industrialisering, som to sider av same sak», skriv han i «Følgeskadar». Gjennom eit heilt forfattarliv har Kjartan Fløgstad skrive kritisk om den marknadsliberale samfunnsutviklinga og konsekvensane av han, og vist fram det kollektive og politisk motstand nedanfrå som alternativ til utviklinga.

– Eg trur det heng saman med den erfaringa eg har, som er nokså eineståande for forfattarar i Noreg: å ha arbeidd i tungindustrien, i arbeidarkollektivet, i arbeidarklassens korte hundreår og lykkelege stund på 50-talet, forklarar Fløgstad.

– Du held fram med å skriva om desse temaa, om noko som **har** vore. Er det fordi du meiner dette må bli minna om i dag?

– Ja, det er det heilt klart. Det av-industrialiserte samfunnet me har i dag fungerer dårleg, og vil halda fram med å fungera dårleg utan ein industriell base, utan at det blir produsert ting i nærleiken av og rundt i samfunnet me lever i. Folk må kjenna til produksjonen av ting og ha ei aning om korleis dei blir til, ikkje berre tru dei kjem dalande ned til oss frå «sweatshops» i Kina og Bangladesh, utdjuvar han.

Motstand nedanfrå og uforløyst litterært potensial

– Du er gjennomgåande oppteken av at motstand og samfunnsending må koma nedanfrå. Kvar kjem kimen til ein slik motstand og endring frå i dag?

– I det store og heile er motstanden mot den nyliberale samfunnsmodellen sterk, og vil veksa seg sterkare, trur eg.



“ **På grunn av den nynorske folkerørsla, først og fremst, har nordmenn det friare og betre med språket enn dei fleste land eg kjenner til.** ”



– Og kvar vil motstanden og den samfunnsendrande krafta koma frå?

– Då vil eg seie «fagbevegelsen, fagbevegelsen, fagbevegelsen», eg òg. Forstandig politikk i Noreg, den som vil berga samfunnet frå dei verste utslaga av nyliberalismen, trur eg først og fremst må ha base i fagrørsla.

– Kva rolle spelar litteraturen i dette? Trur du litteraturen har moglegheit til å endra samfunnet?

– I kor stor grad han kan endra samfunnet, skal eg ikkje seia noko om. Litteraturen har derimot større moglegheiter enn han blir brukt til no. Den politiske litteraturen har ikkje akkurat vore i høgsetet dei siste tiåra, så det er heilt klart eit ubrukt potensial, svarar Fløgstad.

Til venstre for venstre

Ein gong på 80-talet blei Fløgstad spurd om han ikkje var i overmåte streng med Arbeidarpartiet. Då svara han at han tvert om hadde gitt dei ros der det var fortent. Samstundes var han djupt kritisk til AKP (ml), der fleire av dei jamaldrande forfattarkollegaene hans fann heimen sin. Han har assosiert seg med «Det språklege venstre», som han sjølv skildrar som ei gruppe forfattarar, ikkje berre skjønnlitterære, som utøver samfunnskritikk nedanfrå, på grunnlag av språket.

– Georg Johannessen er eit godt døme på dette. Som ingen annan spidda han dobbeltmoralen og avstanden mellom liv og lære i NATO-Noreg og Arbeidarpartiet, forklarar Fløgstad.

Fløgstad trekker fram ein passasje i romanen *Fyr og Flamme* (1980), der det er ein gjennomgang av slagorda i 1. mai-parolane i etterkrigstida. Di lengre tida går, di meir luftige og meiningstomme blir slagorda. Til slutt har parolane mista alt «økonomisk og politisk innhald» og berre «barnepludder» – meningslaus kommunikasjon – står att.

– Denne retorikken er i dag ikkje lenger mogleg å avsløra, då partiet har avslørt seg sjølv. Så langt eg ser, har sosialdemokratia i heile Europa blitt ein del av det nyliberale prosjektet.

«I staden for å formulera eigen politikk prøvde dei gamle arbeidarpartia i beste fall å dempa følgeskadene av den ekstreme fri-marknadspolitikken», skriv Fløgstad i «Følgeskadar». Ikkje sjeldan kjenner Fløgstad seg «til venstre for venstre» politisk.

Den utskjelte arbeidarklassen

I *Etter i saumane* (2016) kritiserte Fløgstad romanen *Farvel til Eddy Belleguelle* (2014) av nykomlingen Edouard Louis for å vera foraktfull ovanfor arbeidarklassen. Louis sjølv vart involvert i debatten som følgde, og har seinare



beklaga at han skamma seg over bakgrunnen sin. Likevel er det fleire nyare forfattarar som skildrar arbeidarmiljø som ikkje gjer venstresida ei teneste, meiner Fløgstad: Annie Ernaux, Didier Eribon, J. D. Vance, Douglas Stuart og Thomas Korsgaard. Tvert om ser han på dei som skjønnlitterære spydspissar for nyliberalismen.

– Er det nokre forfattarar du vil trekkja fram som du synest har i seg ei samfunnsendrande kraft?

– I Norden er det mange yngre forfattarar som skriv om erfaringar frå ulike sider i samfunnets vrangsider og undersider. Det synest eg er bra. Det eg ikkje synest er bra er denne nye litteraturen, der individualistisk flukt frå arbeidarkollektivet er eit frigjeringsprosjekt. Det er ei fallitterklæring. Alle kan ikkje flykta frå arbeidarklassen og bli suksessforfattarar, for å seia det slik. Kva tenkjer dei som blir igjen i stadene desse forfattarane har forlate, og når det livet dei lever og kjem frå skildrast som eintydig svart og negativt? Då opnar dei slusene for ytre høgre, fordi dei er dei einaste som vil høyra på dei som er igjen.





– Så du har inga tru på at denne litteraturen kan skapa ei form for medvit eller sympati hjå dei som les han, som igjen kan føra til politisk handling?

– Jo, for dei som går på Litteraturhuset, og dei korsar seg jo over kor frykteleg livet er «der nede». Det som pregar dei forfattarane vi no pratar om er: er ordet arbeidar nemnt? I så tilfelle negativt. Er ordet fagforeining nemnt? Aldri. Har desse forfattarane erfaring frå arbeidsliv? Er forteljingane deira forteljingar om kollektivt samarbeid og samhald? Dei er reine dystopiske forteljingar.

I essayet «Kunsten å reisa att og fram», fortel Fløgstad om taler han heldt ved gjenopninga av Folkets hus i Sauda, og ved opninga av utstillinga til Håkon Bleken på Høvikodden. I Sauda var det fabrikkarbeidarar og folk frå utkanten som utgjorde publikum. På Høvikodden blei det frå første rad «rasla diskre med juvelane». To heilt ulike publikum, men Fløgstad framhevar korleis dette går heilt fint i Noreg.

– Difor blir det endå meir feilaktig å overføra dei franske erfaringane til Noreg, som har ei sterk fagrørsløse og der det å skifta klasse ikkje er

eit så definitivt val som i Frankrike. Det å flytta seg mellom desse to situasjonane går heilt fint i Noreg, mange gjer det. Medan i Frankrike er det ingen som får det til, slik eg ser det.

Folkeleg kultur som kime til endring

Fløgstad har lenge framheva arbeidarkultur og den folkelege, «låge» kulturen, og meint at han må bli teken like på mykje alvor som høgkulturen. Fløgstad ser til dømes samfunnskritisk potensial i b-film, krim- og kioskromanar og popmusikk. Forutan om at han brukar slike kulturuttrykk i romanane sine, er dette tema han også har skrivt om i mellom anna *Loven vest for Pecos* (1981), som er den boka han sjølv meiner har hatt størst direkte påverknad i Noreg.

– No blir rock 'n' roll og Bach meldt side om side, og det gamle hierarkiet mellom «høg» og «låg» kunst har teke slutt. Sjølv sagt ikkje berre på grunn av *Loven vest for Pecos*, men på grunn av bøker som den.

– Er det forskjell på populærkultur og folkeleg kultur?

– Ja, det er ein forskjell. Populærkulturen omfattar heile den masseproduserte kulturen, alt frå Hollywood og TikTok til det folk finn på i dagleglivet. Den folkelege kulturen har sterkare røter i fellesskaps erfaringar. Men det er ikkje klare overgangar.

– Er det det folkelege som er idealet, eller må folket få nye ideal gjennom kunsten?

– Eg prøvar ikkje å gjera det folkelege til eit ideal. Poenget mitt er at det kan lagast sublim kunst i folkelege sjangrar og av «vanlege folk». Ein bluesmusikar kan formidla like stor kunst som ein som skriv for filharmonien.



– *Meiner du framleis, som du gjer i Loven vest for Pecos, at det er eit kritisk potensial i masseprodusert populærkultur?*

– Av og til treffer Hollywood ting i tida og kan fortelja, demonstrera og trekkja reelle problem fram i lyset og fortelja dette i eit språk som er tilpassa eit massepublikum. Mitt svar var då, og er absolutt endå, at det ikkje er nokon motsetnad mellom masseproduserte kulturindustrielle produkt og moglegheita til å gjera motstand gjennom dei.

– Så sjølv om til dømes Apple og Netflix, stor-

“**Som kvit, vestleg mann på veg frå overgangsalderen til undergangsalderen prøver eg som best eg kan å boikotta meg sjølv, der det er på sin plass.**”

Kjartan Fløgstad i «Følgeskadar»



kapitalen, inkorporerer og profitterer på sin eigen kritikk, er ikkje dette nyttelaust?

– Nei, det er ikkje nyttelaust. Når du argumenterer slik du gjer, tenkjer du på vanlege folk eller folk som lagar kunst og kultur som offer. Dei som lagar kultur-uttrykk, anten det er vanlege folk frå gata eller dei som er «i systemet» og lagar film og TV, tenkjer sitt dei også. Dette skjedde jo i Sovjetsamveldet, til dømes. Der var det ikkje særleg kommersielle krav til kunsten, men strenge ideologiske krav. Likevel var det mogleg å jobba inn subversive budskap der også.

– Så kimen til ein ny sosialisme kan framleis liggja i ein TV-serie du ser på heime åleine i stua?

– I alle fall kan ei eller anna felles innsikt koma der ifrå. Og det er ikkje sikkert sosialisme er det rette omgrepet for kampen for rettferd og sosial likskap. Likevel trur eg den kampen vil handla om det same, men under andre namn og under andre vilkår.

Om nynorsk og folkespråk

Ein gong i tida var det snakk om at Fløgstad var aktuell for nobelprisen i litteratur. Slik blei det ikkje. Han er likevel korkje bitter eller skuffa, men uttrykker ei udelt glede og gratulasjonar til Jon Fosse og tildelinga av nobelprisen i litteratur.

– Eg håpar det kan bidra til at dei dumaste og mest usiviliserte fordommane mot nynorsken blir vanskelegare å seia. Dette er berre positivt. Det er også ei personleg glede for meg at litteratur på nynorsk kan romma så mykje ulikt som Fosse, meg og mange andre.

– Då målrørsla starta var det eit alternativt moderniseringsprosjekt og nasjonsbyggingsprosjekt. Kva rolle ser du at målreisinga og nynorsken har i dag og i tida framover? Korleis ser du føre deg framtida til nynorsk?

– Språkhistoria er revisjonistisk, ho forandrar seg sakte, men ho har forandra seg fordi målrørsla har vore revolusjonær. Ved at dei har vore det, har det norske samfunnet blitt eit samfunn der språkleg fridom er større enn i andre samfunn og kjenner til. Elastisiteten i språkbruken er større. Rikdommen i folkemålet er lettare tilgjengeleg enn i andre språk og kjenner til. Det er fortenesta til målreisinga, svarar Fløgstad.

– Det som kanskje ikkje blir lagt godt nok merke til no, er den store tilbakegangen av bruken av norsk bokmål. Akademia og forretningslivet skifter til engelsk på brei front, og tekstar til populærmusikk er snart berre på nynorsk og dialekt. I populærkulturen vinn nynorsk og folkemålet fram. Kanskje vil utviklinga ein del fram i tid minna om situasjonen på Filippinane, der engelsk er språket i offisielle situasjonar, medan tagalog blir brukt i private og populære situasjonar. På grunn av den nynorske folkerørsla, først og fremst, har



nordmenn det friare og betre med språket enn dei fleste land eg kjenner til.

– Oppløyer du at det å vera nynorskforfattar i dag er enklare no enn då du byrja?

– Eg skal ikkje skryta på meg å ha hatt motstand og vanskar. Det som er verre no, generelt, er at det er slutt på kulturjournalistikk, nye verk blir nesten ikkje omtalte lenger. I 1977 tok Bokklubben Nye Bøker inn ei bok av ein ukjent forfattar og gjorde romanen til hovudbok – romanen heitte *Dalen Portland* og forfattaren var Kjartan Fløgstad. Då nådde romanen breitt ut. Slike kanalar har ikkje den nye litteraturen lenger. I ein større samanheng er den røynda mykje verre.

– Så du trur det blir minst 100 år til neste norske nobelpris i litteratur?

– Det kan det bli. Det er andre land i verda.

Om Forfattarforbundet og populærlitteratur

I 2019 melde Kjartan Fløgstad seg ut av Den Norske Forfattarforeininga, til stort sjokk for mange. Bakgrunnen for saka var at dei orsaka avgjerdene som var tekne av Æresretten etter krigen. Kva Fløgstad meiner om det er godt dokumentert. Men kva meiner den varme forsvararen av krimlitteratur om striden i dag, som i stor grad er blitt ein debatt om kvalitetsomgrep?

– Har forfattarforeininga vore for streng med å sleppa inn til dømes krimforfattarar, eller er



krimlitteraturen noko anna enn det han var på 40-/50-talet?

– I eit lite språksamfunn må ein støtta den litteraturen som vil vera diktning, litteratur som ikkje satsar på å vera kommersiell og salbar. For å vurdera kva som ikkje er kommersielt og salbart, men bra, trengst det ein fagleg instans. Det litterære råd i forfattarforeininga har etter mitt syn vore ein god jury. Så er det diverre slik at den posisjonen eg og DNF freistar å forsvara, er ein retorisk vanskeleg situasjon. Populismen på den andre sida er vanskeleg å slå tilbake.

– Men for å svara direkte på det du spurde om, så har det litterære råd vore for strenge og for utaktiske. Dei burde teke inn forfattarskap som er populære, endå dei då kanskje ikkje held eit høgt litterært nivå.

– Så du er ikkje blitt medlem i Forfattarforbundet?

– Nei, eg har ikkje det.

Ber Vesten boikotta seg sjølv

– Du har skrivne om at det i offentleg debatt og tankeutveksling er vanskeleg å snakka om alternative samfunnsformer. Dette er også tema i essaysamlinga di, der du kallar det liberal marknadsdiktatur. Det blir hevda at me lever i ein kanselleringskultur i dag. Kva tankar har du omkring moglegheitene for å ytra seg i dag?

– Viss du spør meg som forfattar og del-takar i offentlegheita, vil eg ikkje seia han er

alvorleg innsnevra, svarar Fløgstad kontant.

Fløgstad blir meir alvorleg når han snakkar om vestleg dobbeltmoral og krigsretorikken i kjølvatnet av Ukraina-krigen.

– Krigen i Ukraina gjer at norsk offentlegheit har hamna i ein slags pseudo-krigssituasjon der me nesten er krigførande part. Heile Stortinget støttar å senda våpen til Ukraina. Eg saknar at det i alle fall var ei røyst som sa at fred er bra. Eg er ingen pasifist, eg har til og med lært å forsvara landet som lagfører i Garden og i Varanger Bataljon. Og vore på landsforsvaret og utdanna lagførarar i garden og slikt. Viss det er noko positivt med krigen i Ukraina, er det at han viser oss at folkeforsvar funkantar. Folk som kjempar for sjølvstyre, er ei mektig kraft. Det er oppmuntrande.

I «Følgeskadar» er Fløgstad tydeleg på at vi ikkje har vore kritiske nok til skildringane våre av Russland, der han skriv «Invasjonen av Ukraina har skjenda den stolte kampen til Den raude armé mot Hitler-fascismen.» Men har vi vore kritiske nok i skildringane av USA og oss sjølve, spør han retorisk.

«Etter det russiske overfallet på Ukraina kan vi gjerne seia at vi er alle Ukrainarar. Med like god grunn må vi samtidig slå fast at vi er alle russarar [...] I Ukraina sender Vesten våpen til den angripne, i Palestina sender Vesten våpen til angriparen. For palestinarar, jemenittar, panamenyos, serbarar, libyarar,

“ **Det er ikkje sikkert sosialisme er det rette omgrepet for kampen for rettferd og sosial likskap.**

afghanarar er vi alle russarar. Korleis kan vi boikotta oss sjølve?» spør Fløgstad retorisk.

– Krigen i Ukraina har ført til ei sørgjeleg, samrøystes semje om at krig er bra, det gjeld berre å ha meir våpen og ammunisjon. Bombene og granatane som fell over Kharkiv og Mariupol, gjer at mange ord stilnar og mange fornuftige ting blir vanskelege å seia høgt. Rommet for meiningsdanning og forståing er sterkt innsnevra, seier Fløgstad.

– Så vil eg leggja til at du ikkje kan gå mot straumen og så venta at straumen skal følgja deg. Skal du gå mot straumen, må du ta konsekvensane, og konsekvensane i vårt samfunn er til å leva med. Du er ikkje berre eit offer dersom det står i Aftenposten at du er dum.

Vil ikkje formana nokon, men ...

«Som kvit, vestleg mann på veg frå overgangsalderen til undergangsalderen prøver eg som best eg kan å boikotta meg sjølv, der det er på sin plass.» skriv Kjartan Fløgstad i «Følgeskadar».

– Er forfattargjerninga di med dette avslutta?

– Nei, forma er god og humøret på topp.

Det er mange ting å ta fatt i, ikkje minst i dag. Og så skal ein vera ... ikkje audmjuk, men som 80-åring har ein mange erfaringar, men ein skal ikkje bruka dei på å formana dei som er halvparten så gamle eller fjerdeparten så gamle. Litt varsemd der, synest eg. Utover det, så har eg halde fram som om ingenting har hendt, og har tenkt å gjera det så lenge det går.

I romanen *Grense Jakobselv* frå 2009 kan ein lesa: «[...] fascismen i Vesten vil ikkje komma med lærstøvlar, bokbål, masse møte og opphissa demagogi, heller ikkje med svarte helikopter eller tanks i gatene [...] men som eit skifte i vêret, den brå endringa av årstid du kan merka når vinden dreiar ein kveld i oktober: Alt er det same, men alt er forandra.»

Dersom me ser på verda rundt oss i dag, kan desse linjene nesten verka framsynte. Demokratia i Vesten er i krise, autoritære krefter er på frammarsj og tilliten til det politiske systemet er sliten ned. Er dette dei ytste konsekvensane av samfunnsutviklinga under nyliberalismen? Er det politisk haust i Vesten?

Mot slutten av «Følgeskadar», skriv Fløgstad: «Om det er sant at det er lettare å førestilla seg verdas undergang enn slutten på kapitalismen, så er det like sant at kapitalismen ikkje fungerer utan ei sterk og velorganisert motmakt. Og at det samtidig er denne motmakta som held ved lag håpet om at utbyttingas tidsalder ein gong er forbi [...] Historia er ikkje slutt [...]»

Me sluttar ikkje med ei formaning, men ei formaning, altså.

Høg solgang over åttiårsleitet

av Heming H. Gujord

Folkespråk på dollarveg

– Skal vi få maskinen til å gå, må vi kjenna smørekartet. Vi må setja oljekanna inn mot niplane som fører rett inn i ånda i maskinen.

Slik skreiv Kjartan Fløgstad i essayet «Ånda i maskinen» frå 1998. Tjue år tidlegare hadde han gjort orda til handling. Han fekk Nordisk råds litteraturpris for *Dalen Portland* og gav prispengane til Noregs Mållag. Det skulle ikkje opprettast noko stipend eller pris. Nei, pengane var øyremerkte til skulemålsarbeid. Slik sette Fløgstad oljekanna inn mot dei niplane som held folkespråket levande. Ikkje «ord, ord, ord». Ikkje dialektikk i positiv eller negativ tyding. Pengar skaper handling, smør maskinen, i verda slik som ho no eingong er innretta. Slik kan litteraturen skape røyndelege verknader, og det heilt direkte.

Ei kvar skildring av Kjartan Fløgstad ved eit åttiårsleite, i medlemsbladet til Noregs Mållag, må begynne her. Kjartan Fløgstad er framfor nokon folkemålsdiktaren i nordisk litteratur. Dei høgstemte diktsamlingane først i forfatterskapet, *Valfart* frå 1968 og *Seremoniar* frå 1969, var vegen inn i litteraturen med stor L. Her finst sterke dikt, men det er ikkje mange som vil hugse dei. Men kvar gong eit nytt kull går ut porten på Sauda vidaregåande skule, er det til tonane frå «Skipsekspedisjonen» i *Dalen Portland*. «Alt skal slitast over, jeg skal dra», syng ungdommane, «På dollarveien ut i livet». Mor og far tørkar tårer og ønsker ungane sine alt godt. Sosial mobilitet skal betalast med band som slitnar over.

Men alt må ikkje slitast over! Det er også ein bodskap. «Jeg skal dra», tenkjer den vordande studenten i *Dalen Portland*. Her lurar det ein djevel i detaljane. Eg hadde nær sagt «bokmålsdjevelen», men det vil føre heilt på avvegar. Då heller *tilpassingsdjevelen*. Snarvegen til kulturell tilpassing går gjennom språket, og den snarvegen kan like gjerne vere engelsk i det globaliserte Akademia som bokmål i Noreg. På vegen frå «Skipsekspedisjonen» til «Bergens universitet» har studenten i *Dalen Portland* allereie tatt eit val. Men her er det understrengar som tonar annleis. Du kan halde fast på forankringa sjølv

om det har ein pris. Forankringa har ein verdi i seg sjølv. Derfor er det heimlege språket, og skulemålsarbeid, viktig. *Språk, kraft, tryggleik og folkestyre* er multiplikatorar som forsterkar kvarandre.

Fløgstad takka ikkje språket for prisen han fekk som ung forfattar. Han feira menneska som hadde bygd stadene og kulturen som han kom ifrå. «Utan deira kraft, utan deira språk, utan deira latter kunne denne boka aldri vore skriven.» Då han gav pengane til skulemålsarbeid, førte han i røynda prisen tilbake til staden der han kom ifrå. Så takka han Nordisk råd hjarteleg for Litteraturprisen.

Kald analyse

Kjartan Fløgstad gir oss aldri fred. Etter at han fann seg sjølv som forfattar, har det alltid vore ufred i bøkene hans. Det er ikkje enkelt å skrive om dette på forsommaren i 2024. Fløgstad sjølv er heller ingen provokatør, ingen laus kanon, i spørsmål som handlar om krig og fred. Han er ein kald analytiker. Då offentlegeita var opp-tatt av Vietnamkrigen, skreiv Fløgstad om samrøre mellom «ukrainske nasjonalistgrupper», «UPA» og «nazityske» grupperingar. Dette var i boka *Den hemmelege jubel* frå 1970. Det er så lenge sidan at det ikkje ligg nokon insinuasjon i å bringe orda fram i dagen 54 år seinare. Men slik desse orda finst hos den unge Fløgstad, ein

“ **Kvar gong eit nytt kull går ut porten på Sauda vidaregåande skule, er det til tonane frå «Skipsekspedisjonen» i Dalen Portland. «Alt skal slitast over, jeg skal dra», syng ungdommane, «På dollarveien ut i livet».**

alvorsmann midt i tjuetåra, finst også historia som forgreinar seg vidare inn i vår eiga tid.

I maktpolitikk, økonomi og juss finst ikkje historia. Der er det «som om historia aldri har eksistert». Desse orda er også henta frå *Den hemmelege jubel*. Ingen skulle bli overraska over at Kjartan Fløgstad meldte seg ut av Den norske Forfatterforening då dei – ved hjelp av historielaus formaljuss – tok eit oppgjær med sin eigen æresrett etter krigen. Det handla om forfattarar som ikkje hadde vore medlem av Nasjonal Samling, men som på andre måtar hadde komme nær okkupasjonsmakta og nazistane. For nær, meinte DnF etter krigen. Då Forfatterforeningen unnskyldte dette i 2019, tok dei i røynda eit oppgjær med sitt eige medlemsdemokrati. Fløgstad forlét foreininga i solidaritet med avlidne forfattarkameratar som fatta medlemsvedtak i ei vanskeleg tid. Det er eit dårleg teikn når formaljuss vinn over historisk medvit sjølv i ei forfattarforeining. At ein utdanningsminister og partileiar frå Ernst Sars sitt gamle Venstre nokre år seinare ville fjerne historiefaget frå skulen, føyer seg inn i bildet.

«Historia er ikkje slutt, heller ikkje i det sosialdemokratiske Norden», sa Fløgstad i 1978. Og det heldt han fast på då det liberale Vesten feira statsvitar Fukuyamas «End of History» etter at Sovjetunionen kollapsa. Fløgstad svarte med den kaldaste av alle romanane sine: *Fimbul* frå 1994. Kaldt har det i grunnen vore både før og etter. Titlane *Det 7. klima*, *Grense Jakobselv*, *Nordauspassasjen* og *Magdalenafjorden* taler sitt eige språk. Ein kritiskar – han heiter Jon Fosse og er Fløgstads nynorske antagonist – har kalla Fløgstad «politisk korrekt». Det er lite treffande. Her finst setningar i romanen *Due og drone* frå 2019 som det er vanskeleg å sitere i dag. «Excuse us for our existence in the middle of your bases», seier den russiske utanriksministeren. Generalsekretæren i NATO har det fulle namnet «Feltmarskalk Jens av Benghazi, luftrommets herre over Libya, Azovhavets store betvingar». Politisk korrekt? Not very likely!

Orda ovanfor er ikkje skrivne av ein gammal pasifist og militærnektar. Dei er det mange




FOTO: KRISTIANNE MARØY

av, og no sit dei jamt og samt stilt i båten når det stormar. Fløgstad er gammal NATO-soldat. Som rep.soldat busett i Sør-Varanger og lagfører for ein bombekastartropp hadde han, for no å bruke hans eigne ord, «på taktisk nivå oversyn over landforsvaret i Finnmark, under den kalde krigen».

Kva er det då Fløgstad vil med formuleringar som dei eg siterer frå *Due og drone*? Han vil fortelje oss at verda er utrygg. På mikronivå gjer den økonomiske liberalismen det utrygt å vere arbeidstakar. Og på makronivå gjer den økonomiske liberalismen det utrygt å vere verdsborgar. Denne systemkritikken er grunnlaget for den største slagaren – the greatest hit – av alle Fløgstads ukorrekte maksimar:

Slik sett er derfor sentralkomiteen i det sovjetiske kommunistpartiet vår (og ikkje nødvendigvis deira) viktigaste verdikommisjon gjennom heile det korte hundreåret frå 1917–1989: Tvangskollektivisering og kraftsosialisme i aust førte til ein kapitalisme med eit menneskeleg andlet i Vest.

Den britiske historikaren Eric Hobsbawm ligg her mellom linjene. Fløgstad skreiv dette i 1998. På både mikro- og makronivå har analysen vist seg å vere rett: (1) I tida etter Sovjetkommunismens fall har forskjellane mellom folk berre auka. (2) I tida etter Sovjet-

kommunismens fall har verda de facto blitt meir utrygg. Men her finst ikkje nokon støtte verken til Sovjet eller til kommunismen. Det handlar om terrorbalanse på eit økonomisk systemnivå. Reaksjonen frå Rune Slagstad i *Aftenposten* viste at analysen i høg grad var politisk ukorrekt. Analysar frå den franske økonomen Thomas Piketty viser samstundes at Fløgstad hadde historisk rett. Kapitalismen har fått eit mindre menneskeleg andlet. Og vi fekk ein Trump i Det kvite huset. Det kan skje igjen.

Det som var *politisk korrekt*, det var å feire «Historias slutt» med Francis Fukuyama. Då

“ **Liberalaren Fukuyama var politisk korrekt og tok historisk feil. Fløgstad var politisk ukorrekt, men fekk historisk rett.** ”

Fløgstad svarte med den iskalde *Fimbul*, handlar det om at «Historias slutt» i Fukuyamas tyding også var ein slutt på trua om framsteg, fordeling og ei betre verd for *alle* menneske. Dette var ikkje historias slutt, men ein blindveg som berre kunne ende i nihilisme, terror, overvakingssamfunn og død. Liberalaren Fukuyama var politisk korrekt og tok historisk feil. Fløgstad var politisk ukorrekt, men fekk historisk rett. Når dei økonomiske forskjellane og geopolitiske spenningane aukar i takt, er det berre å beklage.

Troll i ord

«Og det vi diktar opp skal bli sannare enn røynsle», heiter det i *Dalen Portland*. Det er sagt og sunge med blikket framover, som ein utopi. På denne utopien ventar vi framleis. Dystopiane, om vegen frå demokrati til «democracy» i *Det 7, klima*, ligg då nærare. Somtid treffer Fløgstad så godt med analysane at det går kaldt nedover ryggen. Eg har skrive om dette i boka *Fløgstad verk* som kom ut i 2018 til femtiårsjubileet for Fløgstads forfatardebut. I åra etter har fløgstadlesaren fått fleire syn for segn. *Due og drone* er Fløgstads eigen versjon av *Krig og fred*. Gjennom heile boka går orda «våpen for fred» igjen som eit omkved, knytt til den fusjonerte våpenfabrikken AS KONGSFOSS. Våpenfabrikken er knytt

til «den høgteknologiske delen av det militærindustrielle kompleks, Boeing, Lockheed Martin, Halliburton».

Due og drone kom ut i 2019. Fire år seinare blei «våpen for fred» eit omkveld frå generalsekretæren i NATO. Kva gjekk gjennom hovudet på Fløgstad då generalsekretæren begynte å snakke han etter pennen? Det har han klokeleg halde for seg sjølv. Men på eitt eller anna nivå handlar det om troll i ord. Det er heilt avgjerande at Fløgstad utmynta slagordet før det blei sett i sirkulasjon i media. Det fortel då noko om kor føreseieleg ordbruken i media er. Som kritisk ironi fell orda «våpen for fred» platt til jorda i dag, i 2024. Orda finst jo overalt, og då som strategisk kommunikasjon i oppriktig meining. Men før orda blei sett i sirkulasjon som slagord, kunne ein framleis sjå «våpen for fred» som ei form for underleggjerding. Så går det troll i ord, diktinga blir sann røymsle, som dystopi og reelt eksisterande stormaktskonflikt.

Om det då er slik at ytringsrommet har blitt snevra inn, gir skjønnlitteraturen framleis eit ytringsrom som på sitt beste kan fungere kritisk. «Var Jens og dei andre rett og slett tomme inni, slik at dei kunne fyllast med kva som helst? Var dei blenda av makt og rikdom? (...) Eller var det rein Macbeth? Ein Shakespears tragedie om eit menneske som gjekk under i overflod av pengar og makt?» Her er det ein kald og etter måten høvisk forteljar som fører ordet, også det i *Due og drone*. Men lagt i munnen på ein romanperson kan orda råke annleis. På sjukeheimen lengst inne i ein fjord på Vestlandet legg Severine Sima frå seg papirovis. Ho sukkar tungt:

- Forferdeleg trist for dei foreldra, sukka ho, tok av seg brillene og såg på bestyrarinna på alders- og sjukeheimen.
- Kva meiner du nå, Severine?
- Eg tykkjer berre så synd på dei. Har så vondt av dei, veit du.
- Korleis då?
- Dottera blei narkoman, sonen generalsekretær i NATO.
- Du må ikkje seia slikt!
- Eg seier det eg meiner og meiner det eg seier.

Severine Sima er heller ikkje politisk korrekt. Men kritikk, også i romanform, må vere tilpassa tid og stad. Dette var sterke formuleringar då *Due og drone* kom ut i 2019, men lesarane blei meir fanga av fabuleringane om «krigsdagboka» til Olav H. Hauge enn av spitorda om «Trumps torpedo». I 2024, når «våpen for fred» har blitt slagord i ein varm krig, er føresetnadene annleis. Kanskje Fløgstad, som gammal gardist, lagførar og NATO-soldat, ville ordlagt seg annleis i dag? Det blir berre ein spekulasjon. Vi må heller ikkje gløyme at *Due og drone* er ein roman. Men mottakinga av *Due og drone* ville truleg blitt noko annleis når røyndommen har forandra seg. «Politikere fra alle parti uttrykte tilfredshet over at det atomdrevne hangarskipet USS «Harry S. Truman» var på veg mot norske farvann», skreiv Fløgstad. Så var det berre å sette seg til å vente. Fire år seinare kunne vi krysse av for *check*



FOTO: KRISTIANNE MARØY

då hangarskipet, rett nok under namnet USS «Gerald R. Ford», paraderte gjennom Drøbak-sundet.

Vi lever i Media, og folket har blitt «media-thulingar», skreiv Fløgstad i *Det 7. klima*. Men lengst inne i ein vestlandsfjord lever folkevettet vidare hos ei kvinne som Severine Sima. Ho seier det ho meiner, og meiner det ho seier. Når ho ser opp frå avissidene i VG, tykkjer ho det heile berre er trist. Skuggeredaktøren min, Sverre Tusvik i Samlaget, tok meg i rette då eg kalla *Det 7. klima* «uleseleg» i eit utkast til *Fløgstad verk*. Og Sverre hadde rett. I den tettepakka romanskifta, unnfanga i den kalde krigens «Reagans røyr», ligg det kjærleik til folket og populisme i den beste tydinga av ordet. Motstand og kritikk kjem nedanfrå. Det er ikkje folket som startar krigane. Det er elitane som startar krigane. Og dei trolle som aldri sprekk, same kva dei seier, og same kor sterkt lys dei har på seg, det er dei som er dei aller farlegaste.

Varmt hjarte

«Jeg er ikkje noen saloontøs!», seier Anita. Her vil det ringe ei bjølle for mange. Orda er henta frå «Riksvegen vestover» frå *Fangliner*, novellesamlinga frå 1972. Så er det nok likevel ikkje Anita som seier dei. Orda fer gjennom hovudet til mannen som Anita nett har delt seng og kroppsvæsker med. Dei er på eit hotell nede ved fjorden. Frå den andre sida av elva høyrer dei lydane frå fabrikkene. Kranene skrik, og gassflamme logar mot himmelen. Vi er i Sauda *all right*.

“ **Det er ikkje folket som startar krigane. Det er elitane som startar krigane. Og dei trolle som aldri sprekk, same kva dei seier, og same kor sterkt lys dei har på seg, det er dei som er dei aller farlegaste.** ”

Ein sjømann går i land, tar drosje over fjellet frå Oslo og gir rikeleg med driks. «Om tre timar skal Anita få kjenna guten sin som har vore to år på Østen med kinamannskap», seier han frå baksetet. Det blir rundar på alle i kafeen. Så er det Anita som vil møte drosjesjåføren etter stengt tid. Sjømannen «sat i stolen med hovudet bakover og snorka med open munn».

Stereotypiane er harde i «Riksvegen vestover». Full sjømann, flagrande pengar, ferm kvinne. Dette var radikalt og annleis i 1972. I alle høve var det annleis mellom stive permar og på nynorsk. Om her finst nokon varme, så ligg han i så fall mellom linjene. Grunnlinja er historia om eit ligg, ein one night stand, der Anita og drosjesjåføren går inn i roller som er skrivne ferdig i westernboka. Men det står ikkje eit vondt ord om Anita i «Riksvegen vestover». Ho er den unge kvinna som til alle tider har arbeidd i ein bar, og ho er fri til å møte kven ho vil. Og det greier ho heilt fint, trass i stereotypiane i populærkulturen. Ho er ikkje noka «saloontøs», sjølv sagt ikkje. Kanskje er det ikkje så farleg med stereotypiane, om no berre ung kvinne og ung mann kan møtast her og no og til alle tider?

Om her finst krenking i «Riksvegen vestover» handlar det i så fall om Osvald. Han er tildelt rolla som full sjømann, og det som i ein sketsj på Chat Noir. På heimebane blei Fløgstad oppfatta som alt anna enn ein arbeidarromantikar i dei tidlege bøkene sine. Fløgstad skildrar «en åndsfattigdom som ikke er sann», skreiv meldaren i *Haugesunds Avis* etter utgivinga av *Rasmus* i 1974. Meldaren ville ta arbeidarane i forsvar. Sjølv sagt var det mykje meldaren ikkje hadde sett og forstått. Men at ein tekst som «Riksvegen vestover» er hard og kald, det er eit faktum. Og langt frå alle var i stand til å sjå varmen som låg mellom linjene.

47 år seinare, i *Due og drone*, går riksvegen austover. Drosjesjåføren har blitt bytta ut med ein ambulansesjåfør. Ho heiter Else, og ho er i alle høve ikkje ei saloontøs. I ambulansen er det også ein manns person. Det er mor hans som ligg på båra. Mannen følgjer mor si heim til den siste kvilestaden og til gravferd i Røldal. Det er tid for «Siste reis»:

Me kjører langs ein blåblank fjord
I lauvsalor av tre og blommar
Den jamne duren av ein bilmotor
Så stilt som heile dagen ligg i koma
Og på sjukebåra bak ligg mor

Riksvegen går mot både vest og aust. Frå tur i drosje med full sjømann til tur i ambulanse og siste reis for mor. Fløgstad gir plass til alle livsfasane og til alle språklege sjatteringar, frå kaldt til varmt. Det er i dette spennet den sanne krafta ligg hos Fløgstad. Han kan skrive kaldt fordi han også kan skrive varmt. Og han kan skrive både kaldt og varmt med truverd fordi han alltid også er i stand til å gjere det motsette.

Blant dei få tinga som ligg igjen etter denne mora, er det eit ark med ungdomsminne. Det er minne om ei jente som måtte ut og tene frå ho var 14 år, om korleis ho og ein ung mann kunne setje seg saman på ein kvilestein då det var krig i Europa. I sine alders år ser ho seg

tilbake. Og ho lèt handskrivne ord på eit papir vitne om noko som er både fint og viktig:

Og eg kann enno hugsa freden og stilla og den uendelege kjensla av nærleik og tillit – det var ikkje noko erotisk, me tok ikkje i einannan. Det var berre vennskap og nærleik.

Det skal aldri bli noko par av desse to. Men når ho møter han igjen seinare, tenkjer ho at «der går den beste vennen eg har hatt». «So fint kunne livet vera».

I heile den store forfattarskapen er skildringa av «Siste reis» noko av det aller finaste og varaste som står igjen. Kjartan Fløgstad står det på framsida av boka. Men ein forfattar er ein mann og ei kvinne som går inn i språket og haustar av det som ligg der frå før, om det er frå ei bok om Morgan Kane eller frå ein samleperm med grønt plastomslag i eit dødsbu. Og no er det igjen krig i Europa. Lat oss då berre håpe at det nett no finst unge menneske som kan setje seg toeine ned på ein kvilestein for berre å vere i lag.

Heldige er vi som får ta del i slike stunder på slike stader, der livskvalitet og litterær verdi blir eitt og det same.

Kritikk og god stemning

Blir det for mange godord no? Skal vi ta det heile ned, pirke litt i verket, for å heidre jubilanten med ein dose korrigerande kritikk? For det er jo litt morosamt når mc-føraren i *Fangliner* skyv sykkelen sin ned av støttene før han skrevar over setet. Det gjer du nok med ein trøsykkel, men ikkje med «ein rusk av ellevehundrekubikkar» på 250 kilo pluss. Då set du deg på sykkelen og plantar føtene i bakken. Så skubbar du sykkelen av støtta og balanserer han med beina, ikkje med skjelvande hender. Konklusjon: Kjartan Fløgstad har ikkje førarkort for bil og heller ikkje for tung mc.

Heilt heldig i ordskiftet med den unge franskmannen Édouard Louis i 2016 var Fløgstad heller ikkje. Sjølv om han i mangt hadde rett, og at det ser ut som at Louis seinare har justert seg og blitt meir empatisk i høve til opphavsmiljøet sitt i fransk arbeidarklasse, såg mange det som at Fløgstad sparka nedover mot Louis. Fenomenet identitetspolitikk blei ståande mellom Fløgstad og Louis, då også som eit generasjonskilje.

Det handla i alle høve ikkje om det som var mest opplagt i dette ordskiftet: At den eine var gammal og hetero og den andre ein ung homo. Allereie i *Rasmus* i 1974, to år etter at lova mot homofili blei fjerna og 18 år før Louis blei født, skreiv Fløgstad med empati om sjøfolk som fekk sparken fordi dei var homofile. Det var skipperen som var «heilt galen». Samstundes viste han fram fordommene som også fanst hos sjøfolka. Her ligg då nyansane. I soga om Steinar Holmsjøvs forvandling til snekkaren Frans List ligg homoerotikken både på og mellom linjene. Helst ville han bli frisør, og då han giftar seg, er det med ei kvinne med det manhaftige namnet Inge. Han, liksom arbeidskameraten Josef, «hadde noko han ville ut med», som vel best kjem til synes då dei ser rokokko-



FOTO: KRISTIANNE MARØY

bordet forvandle seg til ein sugande erotisk skapning «med nettingstrømper og spisse, spisse damesko med høge hælar på dei lange transvestittbeina». Også dette handlar om *Fyr og flamme*, om å vere representert i litteraturen og om å vere undertrykt i kulturen. «Har du det godt med Gud», spør Josef. Han søker tilflukt hos ei maranatasekt, mens arbeidskameraten giftar seg med Inge. Dette tragiske kammerstelet på bakrommet er også eitt litterært høgdepunkt. Samstundes syner det fram undertrykkinga innanfor eit klasseperspektiv. Då blir også eit fenomen som identitetspolitikk overflødig og splittande. Flotte kvinner er det elles mange av hos Fløgstad, frå Anita til Durdei til Kitty til Kcenia Nyslåttbuktmø. Her kan nokon kvar bli utru i tankane.

Når no Kjartan Fløgstad rundar år, er det høg solgang over åttiårsleitet. Sola varmar og skaper liv. Men sola kan også brenne og slå ned med krafta frå eit høgbanevåpen. Då Glenn Hetlebrekk gjer seg tankar om rettens grunnvilkår, er han FN-soldat i – ja nettopp – Gaza. Det er forskjellar mellom folk: «på israelarar og arabarar, på beduinar og bar-eigarar». Igjen handlar det mest av alt om systemkritikk. «Der makta har rett, har retten inga makt», skreiv Fløgstad i *Kron og mynt* frå 1998. Nett no, i kjølvatnet av krigane i Ukraina og i Gaza, skal verdssamfunnet opp til prøve. Finst her rettslege instansar som kan regulere makta, også når ho er støtta av ei supermakt? «Suveren er den som vedtar unntakstilstanden», siterer Fløgstad etter den tyske rettsfilosofen Carl Schmitt i romanen *Habeas corpus* frå 2022. Dette er makta sin eigen suverenitet.

“ **Romanforfattaren Fløgstad er sjølv sagt ein modernist. Men analytikaren Fløgstad er ein geopolitisk realist.**

Makta kan definere sitt eige unntak – også frå det som er gjeldande rett for andre. Vi lever i sanning i usikre tider når ei slik makt får etablere seg med basar i landet vårt.

Men på den andre sida: Bjørnen bak Grense Jakobselv er ikkje nokon teddybjørn han heller. Ingen forfattar, i Noreg eller andre stader, har skriva med større innsikt og kompleksitet enn Fløgstad om desse spørsmåla. Romanforfattaren Fløgstad er sjølv sagt ein modernist. Men analytikaren Fløgstad er ein geopolitisk realist. Samstundes finst det håp. Ei anna verd er mogleg om vi, heilt opp til øvste leiarnivå, held fast på det som bind oss saman. – Heller skulder ved skulder og hand i hand, enn på skuldrene til kvarandre, som Fløgstad både seier og skriv.

Eg forsøkte å vere kritisk, men det var visst heller mislykka. Det er gjerne slik: Forskjellane aukar, fagforeininga mi har streika for retten til å forhandle lønna individuelt og det er krig i verda. Samstundes kan det vere song og dans og god stemning. Den eine dagen melder Kjartan Fløgstad seg ut av Forfattarforeininga. Den neste dagen går han opp på scenen i Dansens hus og dansar sin eigen roman *Magdalenaafforden*, med ville økseslag i lufta som meldaren i *Aftenposten* ikkje forstår nokonting av. Forfattaren er ikkje død. Han er ein del av verket.

Epilog

Eg sleit meg opp den bratte stølsvegen i Røldal. Eg hadde sekk på mage og rygg, med akebrett og barneski stroppa fast på veg til vinterferie. Steinfyllingsdammen i Hyttejuvet stengde av mot Valldalen og vegen vidare inn mot Hardangervidda. Men her på nedsida av dammen var det framleis fint å vere. Dette var landskapet frå *Fyr og flamme*. Det var her han var på anlegg, Kent Hetlebrekk, etter at skulen hadde tygd på han og spytta han ut igjen. Det gjekk ikkje godt for Kent Hetlebrekk. Men det gjekk ikkje godt for Sylfest Bruhøl, heller, sjølv om han var blant gutane som skulen ville ha. Sylfest Bruhøl hadde også vore her, hadde gått her saman med artiumskameratane sine og snakka om «den fine stølsdalen dette ein gong må ha vore». Her hadde vi kjøpt oss hytte, og det etter at eg hadde skriva 550 sider om *Fløgstad verk*. Det var som å gå rett inn i litteraturen sjølv.

Eg tråkka meg ut av skisporet for å gi plass til ein snøskuter som kom krypende bak meg på lågt turtall. – Vil du ha hjelp, sa det på ferolegeringsdialekt. Mannen var ukjent, eg hadde aldri sett han før, men eg nikka og peika ut vegen til hytta. På skutersleden var det god plass til sekker, barneski og akebrett. Mannen smilte bak hjelm og briller og dura vidare opp brattvegen. Først no såg eg dei store bokstavane på ryggen av kjeledressen: ERAMET NORWAY. Eg humra for meg sjølv. For det er det han heiter i dag, fabrikkjen i Sauda, etter dei franske eigarane. «Gjer ein annan mann ei beine då», heiter det hos Olav H. Hauge. Og likeins i *Due og drone* av Kjartan Fløgstad. Slik kan det litterære verket vere til stades i geografi, i kultur og i landskap. Og framleis finst det gode menneske, solidaritet – og kameratskap – i verda. Gratulerer med dagen, Kjartan Fløgstad. Takk for ordlyden.

■ **kviss** • Audun Skjervøy

- 1 *Kvæde* og *Ung sorg* blir begge rekna som debutbøkene til denne forfattaren.
- 2 Ein forfattar frå Odda har fått strålende kritikkar for den siste boka si, der tittelen også inneheld etternamnet til forfattaren. Kven dreier det seg om?
- 3 Mlhedruli heiter eit alfabet som blir brukt til å skrive eit moderne europeisk språk. I kva land bruker dei språket?
- 4 Kvar finn du den kjende fjellformasjonen Uluru – eller Ayers Rock, som dei europeiske kolonistane kallar han?
- 5 Er det nokon gong vedteke at «Ja, vi elsker dette landet» er nasjonalsongen vår?
- 6 Den første norske talefilmen bygde på eit kjent skodespel av Oskar Braaten. Kva var tittelen?
- 7 Kva eining bruker vi helst i dag i staden for hestekraft?
- 8 Skotten John Boyd Dunlop gjorde i 1880-åra ei banebrytande oppfinning, som vi framleis har glede av. Kva oppfinning?
- 9 I kva land blei sprayboksen funnen opp i 1920-åra?
- 10 Kva komponist er kjend for «4'33"» – eit stykke der det ikkje blir spelt ein tone på 4 minutt og 33 sekund?
- 11 Symfonien går under namnet *Eroica*, men også *Symfoni nr. 3 i Ess-dur*. Kven var komponisten?
- 12 Kva er namnet på den lengste nerven i menneskekroppen?
- 13 Epstein-Barr-viruset er årsaka til sjukdommen mononukleose. Kva er det folkelege namnet på sjukdommen?
- 14 Kor mange tiltalepunkt blei Donald Trump nyleg kjend skyldig i i den såkalla hysjpenge-saka i New York?
- 15 Kven er Claudia Scheinbaum?
- 16 Kva ost blir tradisjonelt brukt i desserten tiramisu?
- 17 Bulgur blir mykje brukt i Midtausten og middelhavsområdet – kva er det laga av?
- 18 Kva ord – som skriv seg frå fransk – blir brukt om understellet på bilar?
- 19 Kva er den vanlegaste typen batteri i el-bilar?

19 litium-ion-batteri

18 chassis

17 kvette

16 mascarpone

15 kvette (forkokt, tørka og knust durum-

14 kvette (forkokt, tørka og knust durum-

13 kvette (forkokt, tørka og knust durum-

12 kvette (forkokt, tørka og knust durum-

11 kvette (forkokt, tørka og knust durum-

10 kvette (forkokt, tørka og knust durum-

9 kvette (forkokt, tørka og knust durum-

8 kvette (forkokt, tørka og knust durum-

7 kvette (forkokt, tørka og knust durum-

6 kvette (forkokt, tørka og knust durum-

5 kvette (forkokt, tørka og knust durum-

4 kvette (forkokt, tørka og knust durum-

3 kvette (forkokt, tørka og knust durum-

2 kvette (forkokt, tørka og knust durum-

1 kvette (forkokt, tørka og knust durum-



BILETTEKST: Bak frå venstre: Mathilde S. (10), Olav (10), Emil (10) og Live (10). Framme frå venstre: Sondre (9), Melissa (9), Mathilde D. (9) og Jesper (9).

Barneboktipset: Leselyst med podkast

Åtte fjerdeklassingar frå Volda har laga podkastar med barneboktips saman med Nynorsksenteret. Målet med prosjektet er å skape **leselyst og leseglede**.

■ Elevane har jobba med ni nynorske bøker for målgruppa 6–9 år. I podkasten fortel dei kva dei likar med bøkene.
– Vi håper barna kan vere med på å inspirere andre barn til å lese meir. Vi ønsker å løfte fram dei gode nynorske barnebøkene, seier høgskulelektor Heidi Fagna ved Nynorsksenteret.

Sju samlingar

Frå slutten av januar til slutten av april har Heidi Fagna og Ingvild Myklebust Hovden frå Nynorsksenteret ved Høgskulen i Volda hatt sju samlingar med elevane. Her har dei lese bøker og diskutert innhaldet, og elevane har formulert sine eigne meiningar om bøkene.

Biletbøkene las dei på samlingane, dei lengre bøkene har lærarane deira lese for heile klassen. Podkastane inneheld episodar på rundt to minutt som lærarar eller andre kan spele av for barn som

treng leseinspirasjon. Kvar episode handlar om ei bok.

– Eg synest det har vore veldig spennande å lage podkast, fordi det har eg ikkje gjort før, og det var fint å høyre nye bøker, seier Melissa (9).

– Eg synest det har vore veldig gøy med podkast fordi vi har fått snakke i mikrofon og høyre på det vi sjølv har laga. Det var også fint å få teikne på samlingane, seier Mathilde D. (9).

– Det er spennande at podkastane blir lagde ut på Internett, seier Sondre (9).

Tilrå å lese bøker

– Kva råd vil de gje til andre barn som skal lage podkastar som dette?

– Les bøker! Det er veldig kjekt, ein blir veldig inspirert av det, og ein blir rask til å lese, og det er veldig bra, seier Jesper (9).

– Einig med Jesper, og så blir ein også smartare av å lese bøker. Viss ein vil bli smartare, er det ein veldig bra måte å bli smartare på, seier Melissa (9).

– Viss du les, kjem du inn i ei verd der du blir kjend med mange nye folk, og så får du deg mange vennar og nokre uvennar, seier Mathilde D.

Lærte mykje

Dei åtte elevane har lært mykje av å vere med på prosjektet.

– Eg har lært korleis ein lagar podkast, seier Emil (10).

– Eg lærte å skrive kva eg likte i boka, utan å avsløre for mykje, seier Mathilde S. (10).

– Det er viktig å planlegge godt. Ein må skrive ned det ein skal seie, før ein tek opptak, og redigere etterpå slik at det ikkje blir veldig rart, seier Live (10).

Nynorsksenteret har laga eit undervisningsopplegg om korleis elevane kan lage slike podkastar. Elevane har eit heilt klart råd til andre som har lyst til å lage podkastar:

– Høyr våre først, seier Olav (10).

Undervisningsopplegg

